



Også i dag har eit Sea King helikopter vore engasjert i eitt oppdrag i Uskedalen. Ved 16-tida måtte Hovudredningssentralen senda ein maskin som plukka opp ein skiløpar. Han hadde hamna heilt ute på pynten av Låganåso. Like før observerte kjende tilsaman 7 skiløparar på veg mot toppen. Dei var fordelt på to grupper med 4 i den eine og 3 i den andre.

Ein av dei lokalkjende som følgde dei i kikkert gav uttrykk for frykt for at det ville skje ei ulukke og tok kontakt med uskedalen.no Han var også betenkt over rutevalet.

I ettertid seier han at det er galskap å gje seg ut på slike turar som dette når det er nysnø oppå speilblank is.,,Han undrast på når folk skal forstå ålvoret.

I skrivande stund er det ikkje klart korleis tilstanden er for den uheldige skiløparen, men kan skal vera bragt til sjukehuset i Haugesund.

Bileta over og under er frå redningsoperasjonen. På biletet over som er teke frå Haugland kan helikopteret sjåast som ein prikk oppe til høgre.

Seinare får vi opplyst at den skadde mannen var i 20-åra og at han sklei og skadde skuldra. Han var saman med 2 andre då uhellet skjedde.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen og Hans Reidar Kjærland

